

**Utval:** Utval for kultur, idrett og regional utvikling

**Møtestad:** Fylkesutvalssalen 3. etg., Fylkeshuset

**Dato:** 23.01.2018

**Tidspunkt:** 11:00-14:40

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Navn	Funksjon	Representerer
Kjell Gitton Håland	Nestleiar	A
Gunn Berit Lunde Aarvik	Medlem	A
Siri Klokkerstuen	Medlem	A
Neshe Lie	Medlem	H
Beate Husa	Leiar	KRF
Gunnar Bakke	Medlem	FRP
Espen Berntsen	Medlem	A
Olav Kvinge	Medlem	H
Sara Hamre Sekkingstad	Medlem	SP
Geir Kjell Andersland	Medlem	FL MDG/V
Katrin Innvær Ankervold	Medlem	A

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Navn	Funksjon	Representerer
Anita Garlid Johannessen	Medlem	FRP
May Eva Sandvik	Medlem	H

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

Navn	Møtte for	Representerer
Christer Lilleskare Olsen	May Eva Sandvik	H
Magne Djupvik	Anita Garlid Johannessen	FRP

**Merknader**
**Frå administrasjonen møtte:**

Navn	Stilling
Per Morten Ekerhovd	Kst. fylkesdirektør kultur og idrett
Ronny Skaar	Utviklingssjef kultur- og idrettsavdelinga
David Aasen	Kst. fylkeskonservator
Elisabeth Bjørsvik	Kst. fylkesarkivar
Britt-Karen Spjeld	Fylkesidrettssjef
Ruth Ørnholth	Fylkesbiblioteksjef
Eva Katrine Ritland Taule	Seniorrådgjevar regional utvikling
Sølve Dag Sondbø	Klima- og naturressurssjef regionalavdelinga
Odd Kenneth Mellingen	Stabsleiar kultur- og idrettsavdelinga

 Odd Kenneth Mellingen  
 Sekretær

**Sakliste**

<b>Utvals-saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv-saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 1/18	Godkjenning av innkalling og saksliste		
PS 2/18	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 3/18	Referatsaker (meldingar)		
RS 1/18	Høring av statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning i kommunene	2017/15921	
RS 2/18	Høyring om 132 kV kraftleidning Kjønnagard-Myrdalen. Fråsegn Hordaland fylkeskommune.	2016/34130	
RS 3/18	Melding om høringsuttale til "Høring - Forskrift om befolkningsbaserte helseundersøkelser"	2017/16971	
RS 4/18	Kulturrådet si vurdering av musea i 2016	2016/2550	
RS 5/18	Tildelingar til musikkfestivalar gjennom Kulturrådet si reviderte ordning	2018/161	
RS 6/18	Spelemidlar til idrettsanlegg - rapport frå KUD og NIF 2017	2018/108	
RS 7/18	Avtale konsolidering Bergens Sjøfartsmuseum/Museum Vest signert	2017/16733	
RS 8/18	Tilskot til lokale kulturbygg 2017 - svar på klagesak Moster Museum	2017/3764	
RS 9/18	Evaluering av Kultur- og idrettskonferansen 2017	2017/4958	
RS 10/18	Innspel til planprogram Kulturplan for Etne kommune	2017/17131	
PS 4/18	Handlingsprogram 2018-2021 til Regional plan for folkehelse 2014-2025	2017/3149	
PS 5/18	Fråsegn til Kommuneplanens arealdel 2018 - 2030 - Bergen kommune	2017/16474	
PS 6/18	Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK) - Prioritering av søknader til Riksantikvaren 2018	2017/14820	
PS 7/18	Planprogram for rullering av Regional plan for Hardangervidda. Sluttbehandling.	2014/11266	
PS 8/18	Stønad etter vedtak - reviderte retningsliner for søknadsordningar Prosjektstøtte.	2015/12714	
PS 9/18	Konsesjonssøknad med konsekvensutgreiing for Opo flomkraftverk i Odda kommune. Høyringsfråsegn.	2017/465	
PS 10/18	Høring - driftsavtale - Bymuseet i Bergen	2017/16443	
PS 11/18	Ymse		

## **PS 1/18 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 23.01.2018**

### **Vedtak**

Sak 9/18 vart flytta fram som første sak før referatsakene.

Elles ingen merknad til innkalling og sakliste.

## **PS 2/18 Godkjenning av møtebok frå forrige møte**

**Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 23.01.2018**

### **Vedtak**

Møtebok frå møte 05.12.2017 vart godkjend slik utan merknadar.

## **PS 3/18 Referatsaker (meldingar)**

**Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 23.01.2018**

### **Vedtak**

Til RS 9/18 *Evaluering av Kultur- og idrettskonferansen 2017*, viste medlem Espen Berntsen til responsen frå ein av foredragshaldarane, og peikte på at det kunne vere positivt med sterke meiningar, men at dette bør vere planlagt og balansert der ulike meiningar kjem fram, gjerne via debatt i etterkant. Kst. fylkesdirektør Per Morten Ekerhovd tok innspelet til orientering.

Referatsaker 1-10/18 vart elles tekne til orientering.

## **PS 4/18 Handlingsprogram 2018-2021 til Regional plan for folkehelse 2014-2025**

### **Forslag til innstilling**

*Fylkesutvalet vedtek Handlingsprogram 2018-2021 til Regionalplan for folkehelse 2014-2025*

**Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 16.01.2018**

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkesutvalet vedtek Handlingsprogram 2018-2021 til Regionalplan for folkehelse 2014-2025

**Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 17.01.2018**

**Iril Schau Johansen (H)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg under Tiltak 5.1, finansiering:  
«... inkludert nasjonal tilskotsordning mot fattigdom.»»

**Jon Askeland (Sp)** sette på vegner av Sp, SV, A, KrF, V, V, MDG, Frp og H fram slikt forslag:

- (a) «Utval for miljø og samferdsel oppmodar Hordaland fylkeskommune om å innby kommunane til oppstartseminar for å få rask oppstart og god heilskapleg gjennomføring av planen i heile fylket.

- (b) Utval for miljø og samferdsel ber fylkesutvalet prioritera planambisjonar generelt i høve økonomisk handlingsrom i Hordaland fylkeskommune.»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Johansen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Askeland sitt forslag (a) vart samrøystes vedteke.

Askeland sitt forslag (b) vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

Utval for miljø og samferdsel oppmodar Hordaland fylkeskommune om å innby kommunane til oppstartseminar for å få rask oppstart og god heilskapleg gjennomføring av planen i heile fylket.

Utval for miljø og samferdsel ber fylkesutvalet prioritera planambisjonar generelt i høve økonomisk handlingsrom i Hordaland fylkeskommune.

### Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet vedtek Handlingsprogram 2018-2021 til Regionalplan for folkehelse 2014-2025.

Tillegg under Tiltak 5.1, finansiering: «... inkludert nasjonal tilskotsordning mot fattigdom.»

### Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 23.01.2018

**Geir Kjell Andersland (V)** sette fram slikt forslag til vedtak:

«Handlingsprogrammet – tema 3 Oppvekst og læring, delmål 3.4 vert endra til:  
90% ave elevane skal gjennomføre vidaregåande utdanning på 5 år.

Tiltak 3.6 Innhald,- tillegg i setninga : Lærarane skal få auka kompetanse om kva faktorar som fremjar god psykisk og fysisk helse, og som gir elevane moglegheit til å ta ansvarlege livsval, og eit betre psykososialt arbeidsmiljø for elevane.»

**Sara Sekkingstad (Sp)** sette fram slikt forslag til vedtak:

«Fylkesutvalet oppmodar administrasjonen om å innby kommunane til oppstartsseminar for å få rask oppstart og god heilskapleg gjennomføring av planen i heile fylket.»

### Røysting

Andersland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Sekkingstad sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart elles samrøystes vedteke slik det låg føre.

### Innstilling til fylkesutvalet

Handlingsprogrammet – tema 3 Oppvekst og læring, delmål 3.4, vert endra til:  
90% ave elevane skal gjennomføre vidaregåande utdanning på 5 år.

Tiltak 3.6 Innhald,- tillegg i setninga : Lærarane skal få auka kompetanse om kva faktorar som fremjar god psykisk og fysisk helse, og som gir elevane moglegheit til å ta ansvarlege livsval, og eit betre psykososialt arbeidsmiljø for elevane.

Fylkesutvalet oppmodar administrasjonen om å innby kommunane til oppstartsseminar for å få rask oppstart og god heilskapleg gjennomføring av planen i heile fylket

Fylkesutvalet vedtek elles Handlingsprogram 2018-2021 til Regionalplan for folkehelse 2014-2025 slik den ligg føre.

# PS 5/18 Fråsegn til Kommuneplanens arealdel 2018 - 2030 - Bergen kommune

## Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at Kommuneplanens arealdel for Bergen 2018 – 2030 (KPA) tek på alvor dei store utfordringane vi har knytt til klima og miljø, men også folkehelse og endringar i befolningsstruktur. Planen følgjer opp måla i kommuneplanens samfunnssdel «Bergen 2030» på ein tydeleg og god måte. Bergen kommune legg fram eit samansett og komplekst planforslag på ei lett tilgjengeleg måte gjennom planskildringa, interaktiv nettside med plankart og brei medverknad.
2. Samordna areal- og transportplanlegging  
Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at KPA for Bergen legg opp til eit skifte i arealplanlegginga som vil bidra til å nå mål om reduserte klimagassutslepp og nullvekst i personbiltransporten. KPA følgjer opp *Regional areal- og transportplan for Bergensområdet* ved at:  
Planen har definert senterstruktur og etablert soner med ulike krav til fortetting ved senter og kollektivknutepunkt.  
Større områder for framtidig bustadbygging i KPA 2010, er vurdert på nytt og gjort om til landbruks-, natur og friluftsområder fordi dei er vurdert til å gi auka transportbehov og gjere innbyggjarane bilavhengige.
3. Berekraftig transport  
Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at KPA for Bergen bidreg til ein meir kollektivbasert byutvikling og legg betre til rette for sykkel og gange, men vil likevel be om at: Det blir gjort ytterlegare vurdering av avgrensning av fortettingssonene sett opp mot kollektivstrategi for Hordaland.  
At behov for areal til infrastruktur for kollektivtransport vert vurdert i alle planar.  
At behov for areal til infrastruktur for sykkel vert vurdert i alle planar.
4. Handel  
Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at føresegna for lokalisering av handel langt på veg er i tråd med føresegna i *Regional plan for attraktive senter*. Intensjonane om å lokalisere hovuddelen av ny detaljhandel innanfor sentrumsutstrekninga er samanfallande med regional plan. Det er likevel nokre moment knytt til unntaksreglane som må bli endra. Det er knytt motsegn til dette punktet.  
  
Den regionale planføresegna har unntak for detaljhandel med definerte vareutval. KPA nyttar ein breiare definisjon av dette vareutvalet og må bli endra i samsvar med den regionale planen. KPA legg opp til å kunne etablere detaljhandel med større vareslag i randsona til sentrum, men har ikkje føringar for volum og bruksareal. Unntaket må vere innanfor rammene til den regionale planen. Føresegna i KPA må avgrense unntaket til å gjelde detaljhandel med opptil 3000m<sup>2</sup> bruksareal.
5. Byutvikling  
Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at KPA gir grunnlag for ein tettare og meir urban by, men ser at det er utfordringar med å sikre stadeigne kvalitetar knytt til bygningsmiljø og blågrøn struktur. Dette er særleg viktig for å sikre gode bu og oppvekstområder for barn og mål om gode nærmiljø for befolkninga generelt, jamfør mål i *Regional plan for folkehelse*. For å nå målet om den kompakte byen med kvalitet er det viktig at det vert sett tydelege juridiske rammer for arealbruk i KPA.  
  
Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at :  
Nettverk av byrom vert sikra gjennom forpliktande kommunale planer og vedtak etter plan- og bygningsloven.  
Føresegna for fortettingssone BY2 vert differensiert i større grad i høve til avstand frå senter, og at det eksisterande bygningsmiljø vert løfta tydelegare fram som premiss for skala og utforming på ny bebyggelse.  
Områdereguleringar i senterområder og område med høg kompleksitet vert prioritert i kommunen.

## 6. Universell utforming

For å sikre inkludering og likeverd bør universell utforming setjast høgare på agendaen i KPA.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at det vert :

Utarbeide norm for universell utforming og at føresegnerne i KPA detaljerast ytterlegere knytt til universell utforming fram til ei slik norm føreligg.

Utarbeide handlingsprogram for gjennomføring av universell utforming i offentlege rom.

## 7. Massehandtering

Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner der er positivt at kommunen har masseforvaltning som plantema. Bergen kommune bør jobbe systematisk med dette plantemaet framover for å få ei meir optimal ressursforvaltning med god miljøprofil. Masseforvaltning i Bergen må også sjåast i regionalt perspektiv.

## 8. Kulturminne og kulturmiljø

Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at Bergen kommune har laga ein god plan med solide føresegner og retningslinjer som langt på veg sikrar langsiktig vern og bruk av kulturminne og kulturmiljø, men at det er uavklarte konfliktar mellom kulturminne og byfortetting som må løysast før planen vert vidareført, og fremjar forslag om motsegn til desse delane av planforslaget. Utval for kultur, idrett og regional utvikling fattar difor vedtak om motsegn til KPA på følgjande punkt:

I. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at dei prioriterte kulturmiljøa som har fått omsynssone c), og som ikkje er omfatta av § 38.3, må sikrast i føresegnerne, og at dei kulturhistoriske verdiane må vere førande for arealbruk, byggje- og anleggstiltak i desse områda.

II. Sandviksbukten og Skuteviken er i gjeldande KPA regulert til bevaring og Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner området fortsatt må ha omsynssone c) og retningslinjer.

III. Utval for kultur, idrett og regional utvikling viser til at den automatisk freda mellomalderbyen Bergen skal synast i plankartet som omsynssone d) bandlagd etter kulturminnelova, *inkludert* 5 meter automatisk freda sirkringssone. Eigne føresegner for mellomalderbyen og tilgrensande areal må innarbeidast i planen.

IV. Utval for kultur, idrett og regional utvikling viser til at automatisk freda kyrkjer, kyrkjestadar og kyrkjegardar skal markerast med omsynssone d) bandlagd etter kulturminnelova, med tilhøyrande føresegner.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling har særlege kulturminneglede merknader til KPA:

I. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at automatisk freda bygningar, samt vedtaks- og forskriftsfreda bygg synast i plankartet som omsynssone d) med føresegner.

II. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at grunnkartet til kommunen vert oppdatert slik at den 5 meters automatisk freda sirkringssone vert synleg i tråd med nasjonale retningslinjer for visning av automatisk freda kulturminne.

III. Grunna konflikt med automatisk freda kulturminne rår Utval for kultur, idrett og regional utvikling ifrå at arealet ved Fana prestegard, gnr/bnr 96/1 vert regulert til grav- urnelund, men opprettheld sin status som LNF.

IV. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at saker unnateke plankrav i samband med massedeponering, vert sendt Fylkeskonservatoren til fråsegn i høve automatisk freda kulturminne og innarbeida i retningslinene, § 24.

V. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at det i plankartet vert lagt inn ei 60-meters sirkringssone kring dei listeførte kyrkjene, jf. kyrkjerundskrivet, T-3/2000.

VI. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at undersøkingsplikta, jf. § 9 i kulturminnelova, vert innarbeida i føresegnerne.

VII. Utval for kultur, idrett og regional utvikling oppmodar kommunen til å innarbeide historieforteljande kulturmiljø knytt til sjøareal og kystkultur, som til dømes kaier, hoper, tørrdokker og andre kulturminne knytt til handel og verftsindustrien, i ein kommunedelplan for kulturminne.

## Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 23.01.2018

**Beate Husa (Krf)** sette ram slikt forslag til vedtak:  
«Endring punkt 8:

### Kulturminne og kulturmiljø

Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at Bergen kommune har laga ein god plan med solide føresegner og retningslinjer som langt på veg sikrar langsiktig vern og bruk av kulturminne og kulturmiljø. Vi finn det likevel naudsynt å fremje motsegn mot følgjande punkt:

I. Sandviksbukten og Skuteviken er i gjeldande KPA regulert til bevaring og Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner området fortsatt må ha omsynssone c) og retningsliner.

II. Utval for kultur, idrett og regional utvikling viser til at den automatisk freda mellomalderbyen Bergen skal synast i plankartet som omsynssone d) bandlagd etter kulturminnelova, inkludert 5 meter automatisk freda sikringssone. Eigne føresegner for mellomalderbyen og tilgrensande areal må innarbeidast i planen.

III. Utval for kultur, idrett og regional utvikling viser til at automatisk freda kyrkjer, kyrkjestedar og kyrkjegardar skal markerast med omsynssone d) bandlagd etter kulturminnelova, med tilhøyrande føresegner.

### Nytt punkt 9:

Utval for kultur, idrett og regional utvikling har særlege kulturminneglede merknader til KPA:

I. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at automatisk freda bygningar, samt vedtaks- og forskriftsfreda bygg synast i plankartet som omsynssone d) med føresegner.

II. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at grunnkartet til kommunen vert oppdatert slik at den 5 meters automatisk freda sikringssone vert synleg i tråd med nasjonale retningslinjer for visning av automatisk freda kulturminne.

III. Grunna konflikt med automatisk freda kulturminne rår Utval for kultur, idrett og regional utvikling ifrå at arealet ved Fana prestegard, gnr/bnr 96/1 vert regulert til grav- urnelund, men opprettheld sin status som LNF.

IV. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at saker unнатake plankrav i samband med massedeponering, vert sendt Fylkeskonservatoren til fråsegn i høve automatisk freda kulturminne og innarbeida i retningslinene, § 24.

V. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at det i plankartet vert lagt inn ei 60-meters sikringssone kring dei listeførte kyrkjene, jf. kyrkjerundskrivet, T-3/2000.

VI. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at undersøkingsplikta, jf. § 9 i kulturminnelova, vert innarbeida i føreseggnene.

VII. Utval for kultur, idrett og regional utvikling oppmodar kommunen til å innarbeide historieforteljande kulturmiljø knytt til sjøareal og kystkultur, som til dømes kaier, hoper, tørrdokker og andre kulturminne knytt til handel og verftsindustrien, i ein kommunedelplan for kulturminne.

VIII. Det er potensielt uavklarte konfliktar mellom kulturminne og byfortetting og Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at dei prioriterte kulturmiljøa som har fått omsynssone c), og som ikkje er omfatta av § 38.3, bør sikrast i føreseggnene. Dei kulturhistoriske verdiane må vere førande for arealbruk, bygge- og anleggstiltak i desse områda.»

**Sara Sekkingstad (Sp)** sette fram slikt forslag til vedtak:

«10. Utval for kultur, idrett og regional utvikling rår i frå at areal på vestsida av Fanavegen lengst nord på Stend gnr/bnr 97/1 vert inlemma som ein del av næringsområde, då det har høg landskapsverdi som naudsynt buffer mellom noverande industriområde og landbruksarealet. Denne åsen har ei viktig rolle for å ramme inn og behalde landskapsrommet og kulturlandskapet kring Stend hovudgård.

For å kunne ivareta verdiane som kulturlandskap og kulturmiljø på nasjonalt og regionalt nivå, bør Stend i tillegg få status som omsynssone for landskap og omsynssone for bevaring av naturmiljø/biologisk mangfald.

11. Fleire viktige landskapsområde og friluftsområde i kommunen bør sikrast i KPA ved at dei får ein formell status som omsynssone for friluftsliv, omsynssone for landskap og/eller omsynssone for bevaring av naturmiljø/biologisk mangfald.»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 1, 2 og 3 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt. 4 vart vedteke med 11 røyster mot 2 røyster (Frp)

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 5, 6 og 7 vart samrøystes vedteke.

Husa sitt forslag til endring pkt. 8 vart samrøystes vedteke mot fylkesrådmannen sitt forslag som fall.

Husa sitt forslag til nytt pkt. 9 vart samrøystes vedteke.

Sekkingstad sitt forslag til nytt pkt. 10 og 11 vart vedteke med 11 røyster mot 2 røyster (Frp).

### Vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at Kommuneplanens arealdel for Bergen 2018 - 2030 (KPA) tek på alvor dei store utfordringane vi har knytt til klima og miljø, men også folkehelse og endringar i befolkningsstruktur. Planen følgjer opp måla i kommuneplanens samfunnssidel «Bergen 2030» på ein tydeleg og god måte. Bergen kommune legg fram eit samansett og komplekst planforslag på ei lett tilgjengeleg måte gjennom planskildringa, interaktiv nettside med plankart og brei medverknad.
2. Samordna areal- og transportplanlegging  
Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at KPA for Bergen legg opp til eit skifte i arealplanlegginga som vil bidra til å nå mål om reduserte klimagassutslepp og nullvekst i personbiltransporten. KPA følgjer opp *Regional areal- og transportplan for Bergensområdet* ved at:  
Planen har definert senterstruktur og etablert soner med ulike krav til fortetting ved senter og kollektivknutepunkt.

Større områder for framtidig bustadbygging i KPA 2010, er vurdert på nytt og gjort om til landbruks-, natur og friluftsområder fordi dei er vurdert til å gi auka transportbehov og gjere innbyggjarane bilavhengige.

3. Berekraftig transport  
Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at KPA for Bergen bidreg til ein meir kollektivbasert byutvikling og legg betre til rette for sykkel og gange, men vil likevel be om at: Det blir gjort ytterlegare vurdering av avgrensning av fortettingssonene sett opp mot kollektivstrategi for Hordaland.

At behov for areal til infrastruktur for kollektivtransport vert vurdert i alle planar.

At behov for areal til infrastruktur for sykkel vert vurdert i alle planar.

4. Handel  
Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at føresegna for lokalisering av handel langt på veg er i tråd med føresegna i *Regional plan for attraktive senter*. Intensjonane om å lokalisere hovuddelen av ny detaljhandel innanfor sentrumsutstrekninga er samanfallande med regional plan. Det er likevel nokre moment knytt til unntaksreglane som må bli endra. Det er knytt motsegn til dette punktet.

Den regionale planføresegna har unntak for detaljhandel med definerte vareutval. KPA nyttar ein breiare definisjon av dette vareutvalet og må bli endra i samsvar med den regionale planen. KPA legg opp til å kunne etablere detaljhandel med større vareslag i randsona til sentrum, men har ikkje føringar for volum og bruksareal. Unntaket må vere innanfor rammene til den regionale planen. Føresegnerne i KPA må avgrense unntaket til å gjelde detaljhandel med opptil 3000m<sup>2</sup> bruksareal.

##### 5. Byutvikling

Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at KPA gir grunnlag for ein tettare og meir urban by, men ser at det er utfordringar med å sikre stadeigne kvalitetar knytt til bygningsmiljø og blågrøn struktur. Dette er særleg viktig for å sikre gode bu og oppvekstområder for barn og mål om gode nærmiljø for befolkninga generelt, jamfør mål i *Regional plan for folkehelse*. For å nå målet om den kompakte byen med kvalitet er det viktig at det vert sett tydelege juridiske rammer for arealbruk i KPA.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at :

Nettverk av byrom vert sikra gjennom forpliktande kommunale planer og vedtak etter plan- og bygningsloven.

Føresegnerne for fortettingssone BY2 vert differensiert i større grad i høve til avstand frå senter, og at det eksisterande bygningsmiljø vert løfta tydelegare fram som premiss for skala og utforming på ny bebyggelse.

Områdereguleringar i senterområder og område med høg kompleksitet vert prioritert i kommunen.

##### 6. Universell utforming

For å sikre inkludering og likeverd bør universell utforming setjast høgare på agendaen i KPA.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at det vert :

Utarbeide norm for universell utforming og at føresegnerne i KPA detaljerast ytterlegere knytt til universell utforming fram til ei slik norm føreligg.

Utarbeide handlingsprogram for gjennomføring av universell utforming i offentlege rom.

##### 7. Massehandtering

Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner der er positivt at kommunen har masseforvaltning som plantema. Bergen kommune bør jobbe systematisk med dette plantemaet framover for å få ei meir optimal ressursforvaltning med god miljøprofil. Masseforvaltning i Bergen må også sjåast i regionalt perspektiv.

##### 8. Kulturminne og kulturmiljø

Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at Bergen kommune har laga ein god plan med solide føresegner og retningslinjer som langt på veg sikrar langsiktig vern og bruk av kulturminne og kulturmiljø. Vi finn det likevel naudsynt å fremje motsegn mot følgjande punkt:

- I. Sandviksbukten og Skuteviken er i gjeldande KPA regulert til bevaring og Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner området fortsatt må ha omsynssone c) og retningsliner.
- II. Utval for kultur, idrett og regional utvikling viser til at den automatisk freda mellomalderbyen Bergen skal synast i plankartet som omsynssone d) bandlagd etter kulturminnelova, inkludert 5 meter automatisk freda sirkringssone. Eigne føresegner for mellomalderbyen og tilgrensande areal må innarbeidast i planen.
- III. Utval for kultur, idrett og regional utvikling viser til at automatisk freda kyrkjer, kyrkjestedar og kyrkjegardar skal markerast med omsynssone d) bandlagd etter kulturminnelova, med tilhøyrande føresegner.

##### 9. Utval for kultur, idrett og regional utvikling har særlege kulturminnefaglege merknader til KPA:

- I. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at automatisk freda bygningar, samt vedtaks- og forskriftsfreda bygg synast i plankartet som omsynssone d) med føresegner.

- II. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at grunnkartet til kommunen vert oppdatert slik at den 5 meters automatisk freda sikringssone vert synleg i tråd med nasjonale retningslinjer for visning av automatisk freda kulturminne.
  - III. Grunna konflikt med automatisk freda kulturminne rår Utval for kultur, idrett og regional utvikling ifrå at arealet ved Fana prestegard, gnr/bnr 96/1 vert regulert til grav- urnelund, men opprettheld sin status som LNF.
  - IV. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at saker unnateke plankrav i samband med massedeponering, vert sendt Fylkeskonservatoren til fråsegn i høve automatisk freda kulturminne og innarbeida i retningslinene, § 24.
  - V. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at det i plankartet vert lagt inn ei 60-meters sikringssone kring dei listeførte kyrkjene, jf. kyrkjerundskrivet, T-3/2000.
  - VI. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at undersøkingsplikta, jf. § 9 i kulturminnelova, vert innarbeida i føreseggnene.
  - VII. Utval for kultur, idrett og regional utvikling oppmodar kommunen til å innarbeide historieforteljande kulturmiljø knytt til sjøareal og kystkultur, som til dømes kaier, hoper, tørrdokker og andre kulturminne knytt til handel og verftsindustrien, i ein kommunedelplan for kulturminne.
  - VIII. Det er potensielt uavklarte konfliktar mellom kulturminne og byfortetting og Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at dei prioriterte kulturmiljøa som har fått omsynssone c), og som ikkje er omfatta av § 38.3, bør sikrast i føreseggnene. Dei kulturhistoriske verdiane må vere førande for arealbruk, byggje- og anleggstiltak i desse områda.
10. Utval for kultur, idrett og regional utvikling rår i frå at areal på vestsida av Fanavegen lengst nord på Stend gnr/bnr 97/1 vert innlemma som ein del av næringsområde, då det har høg landskapsverdi som naudsynt buffer mellom noverande industriområde og landbruksarealet. Denne åsen har ei viktig rolle for å ramme inn og behalde landskapsrommet og kulturlandskapet kring Stend hovudgård.
- For å kunne ivareta verdiane som kulturlandskap og kulturmiljø på nasjonalt og regionalt nivå, bør Stend i tillegg få status som omsynssone for landskap og omsynssone for bevaring av naturmiljø/biologisk mangfald.
11. Fleire viktige landskapsområde og friluftsområde i kommunen bør sikrast i KPA ved at dei får ein formell status som omsynssone for friluftsliv, omsynssone for landskap og/eller omsynssone for bevaring av naturmiljø/biologisk mangfald.

## **PS 6/18 Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK) - Prioritering av søknader til Riksantikvaren 2018**

### **Forslag til vedtak**

Utval for Kultur, Idrett og Regional Utvikling sender dei alle dei innkomne søknadene vidare til Riksantikvaren med følgande prioritering.

1. Austrheim kommune «Steinalderstien»
2. Prosjekta «Skaganeset», Sund kommune og «Munkarøysi», Granvin herad, er likestilt prioritert.
3. Hordaland fylkeskommune vil i 2018 prioritera oppfølging av dei omsøkte prosjekta, samt ferdigstilling av eldre prosjekt som tidlegare er tildelt midlar.

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 23.01.2018**

**Kjell Håland (A)** sett fram slik forslag til vedtak:

«Redaksjonell endring: Stryke ordet dei i første setning.  
Fjerne nummerering siste pkt.3.»

## **Røysting**

Med Håland sine endringar vart fylkesrådmannen sitt forslag samrøystes vedteke slik det låg føre.

### **Vedtak**

Utval for Kultur, Idrett og Regional Utvikling sender alle dei innkomne søknadene vidare til Riksantikvaren med følgande prioritering.

1. Austrheim kommune «Steinalderstien»
2. Prosjekta «Skaganeset», Sund kommune og «Munkarøysi», Granvin herad, er likestilt prioritert.

Hordaland fylkeskommune vil i 2018 prioritera oppfølging av dei omsøkte prosjekta, samt ferdigstilling av eldre prosjekt som tidlegare er tildelt midlar.

## **PS 7/18 Planprogram for rullering av Regional plan for Hardangervidda. Sluttbehandling.**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet fastsett med heimel i plan- og bygningslovens §8-3 planprogram for rullering av Regional plan for Hardangervidda, datert 07.11.2017.
2. Det vert forutsatt likelydande vedtak i Telemark fylkeskommune og Buskerud fylkeskommune.

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 23.01.2018**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Fylkesutvalet fastsett med heimel i plan- og bygningslovens §8-3 planprogram for rullering av Regional plan for Hardangervidda, datert 07.11.2017.
2. Det vert forutsatt likelydande vedtak i Telemark fylkeskommune og Buskerud fylkeskommune.

## **PS 8/18 Stønad etter vedtak - reviderte retningslinjer for søknadsordningar Prosjektstøtte.**

### **Forslag til vedtak**

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling slutter seg til dei reviderte retningslinene for *Prosjektilskot: Kunst og kultur – profesjonell* slik dei ligg føre i saka
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling slutter seg til dei reviderte retningslinene for *Prosjektilskot: Kultur – amatør* slik dei ligg føre i saka
3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling slutter seg til dei reviderte retningslinene for *Prosjektilskot: Større kulturprosjekt* slik dei ligg føre i saka.

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 23.01.2018**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling slutter seg til dei reviderte retningslinene for *Prosjektilskot: Kunst og kultur – profesjonell* slik dei ligg føre i saka

2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling slutter seg til dei reviderte retningslinene for *Prosjektilskot: Kultur – amatør* slik dei ligg føre i saka
3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling slutter seg til dei reviderte retningslinene for *Prosjektilskot: Større kulturprosjekt* slik dei ligg føre i saka.

## **PS 9/18 Konsesjonssøknad med konsekvensutgreiing for Opo flaumkraftverk i Odda kommune. Høyringsfråsegn.**

### **Forslag til innstilling**

1. Hordaland fylkeskommune rår til at det ikkje vert gjeve konsesjon for Opo flaumkraftverk før NVE har vurdert tiltaket opp mot dei flaumdempende tiltaka som NVE greier ut i Sandvinvatnet og Oddadalen.
2. Av omsyn til landskapsopplevinga av Opo rår Hordaland fylkeskommune til monaleg auke i minstevassføringa i månadene mai til og med september slik at vassføringa blir minst  $40 \text{ m}^3/\text{s}$  på dagtid.
3. Hordaland fylkeskommune vil be NVE vurdera statleg flaumsikringsbidrag for å sikra drifta av Opo flaumkraftverk
4. Av omsyn til anadrom fisk skal det etablerast fisketrapp forbi Eidesfossen og dessutan leiemekanismar. Vassføringa i Opo må tilpassast vandringsmønsteret til fisken og skal bidra til positiv oppleving av fiske. Ein må nytta den fiskefaglege vurderinga frå UNI til å setja rett minstevassføring gjennom året
5. Under opparbeiding av området må ein søkja å unngå inngrep i eller skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar, stiar, bakkemurar, tufter m.m..
6. Tiltaket utløyser meldeplikt etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekte under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.
7. Utifrå vassforskrifta skal tiltaket i utgangspunktet ikkje endra kvaliteten på vassførekomensten.
8. Sandvinvatnet må undersøkast for vasskvalitet før ein set i gang tiltaket. Konsekvens av utfylling for campingplass må vurderast nøye.
9. Ein må unngå at ein får flytting av sediment på sjøbotnen der flaumtunnelen kjem ut.
10. Det må takast vassprøvar i Opo før og etter tiltaket for å ha overvaking av forandring av vasskvaliteten.

## **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 23.01.2018**

**Kjell Håland (A)** sette fram slikt forslag til vedtak:

«Fylkesrådmannen sine pkt. 1 og 2 blir erstatta med følgjande nye pkt:

1. Hordaland fylkeskommune rår til at det vert gjeve konsesjon for Opo flaumkraftverk. Fylkeskommunen vurderer at den flaumdempende effekten i storelva, frå Sandvin og oppover til Hildal, er eit betydeleg argument for å gi konsesjon til bygging av flaumkraftverket. Tryggleik for hus, heim, liv og helse må vektleggast tyngst når NVE tek stilling til søknaden.
2. Hordaland fylkeskommune ber NVE legge til grunn det vassføringsregimet som er føreslege i søknaden.»

### **Røysting**

Håland sitt forslag til nytt pkt. 1 og 2 var samrøystes vedteke mot rådmannen sitt forslag som fall. Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 3 til 10 var elles samrøystes vedteke slik det låg føre.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Hordaland fylkeskommune rår til at det vert gjeve konsesjon for Opo flaumkraftverk. Fylkeskommunen vurderer at den flaumdempende effekten i storelva, frå Sandvin og oppover til Hildal, er eit betydeleg argument for å gi konsesjon til bygging av flaumkraftverket. Tryggleik for hus, heim, liv og helse må vektleggast tyngst når NVE tek stilling til søknaden.
2. Hordaland fylkeskommune ber NVE legge til grunn det vassføringsregimet som er føreslege i søknaden.
3. Hordaland fylkeskommune vil be NVE vurdera statleg flaumsikringsbidrag for å sikra drifta av Opo flaumkraftverk
4. Av omsyn til anadrom fisk skal det etablerast fisketrapp forbi Eidesfossen og dessutan leiemekanismar. Vassføringa i Opo må tilpassast vandringsmönsteret til fisken og skal bidra til positiv oppleveling av fiske. Ein må nytta den fiskefaglege vurderinga frå UNI til å setja rett minstevassføring gjennom året
5. Under opparbeiding av området må ein søkja å unngå inngrep i eller skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar, stiar, bakkemurar, tufter m.m..
6. Tiltaket utløyser meldeplikt etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekker med trekol eller konstruksjonar vert avdekte under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.
7. Utifrå vassforskrifta skal tiltaket i utgangspunktet ikkje endra kvaliteten på vassførekomensten.
8. Sandvinvatnet må undersøkast for vasskvalitet før ein set i gang tiltaket. Konsekvens av utfylling for campingplass må vurderast nøye.
9. Ein må unngå at ein får flytting av sediment på sjøbotnen der flaumtunnelen kjem ut.
10. Det må takast vassprøvar i Opo før og etter tiltaket for å ha overvaking av forandring av vasskvaliteten.

## **PS 10/18 Høring - driftsavtale - Bymuseet i Bergen**

### **Forslag til vedtak**

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling tek utkast av driftsavtalar til vitande.

2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at fylkesrådmannen sine anbefalingar vert innarbeida i revidert avtale og rår til at endring av vedtekter ikkje vert gjort før det føreligg nye driftsavtalar.
3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling bed om at driftsavtalen vert utforma i tråd med nasjonale, regionale og kommunale føringer.

#### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 23.01.2018**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling tek utkast av driftsavtalar til vitande.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at fylkesrådmannen sine anbefalingar vert innarbeida i revidert avtale og rår til at endring av vedtekter ikkje vert gjort før det føreligg nye driftsavtalar.
3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling bed om at driftsavtalen vert utforma i tråd med nasjonale, regionale og kommunale føringer.

#### **PS 11/18 Ymse**

#### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 23.01.2018**

Spørsmål frå medlemane:

Beate Husa ønskte svar på om utvalet ville endra oppsett møtedato for september 2018 som står oppført med 11. og 12. september.

#### **Vedtak**

Eit samla utval stilte seg bak å endre møtedato for utvalet til 12. og 13. september 2018.